


SURNADAL KOMMUNE



Innhald

SURNADAL KOMMUNE.....	1
Saksutgreiing til kommunestyret i Surnadal.....	4
Kort oppsummering av utgreiinga.....	4
Innleiing.....	4
Bakgrunn og formål.....	5
Kort tilbakeblikk på saksutgreiinga våren 2025.....	5
Målsetjing med saksutgreiinga.....	5
Overordna føringar.....	6
Opplæringslova.....	6
Arbeidsmiljølova.....	7
FNs barnekonvensjon - barnets beste (artikkel 3).....	7
Kommunelova - internkontroll (§ 25-1).....	8
ROBEK-status og dialog med Statsforvaltaren.....	8
Lærernormen.....	8
Laget rundt barnet.....	9
Om Surnadal barne- og ungdomsskule (SUBUS) og Mo oppvekstsenter.....	10
Elevtalsutvikling.....	11
Areal og organisering ved Surnadal barne- og ungdomsskule (SUBUS).....	11
Den omtalte innsparinga på om lag 4 millionar kroner.....	12
Samla vurdering.....	14
Elevgrunnlag, skyss og individuelle behov.....	14
Kapasitet og areal.....	15
Tilsette og arbeidsmiljø.....	16
Tre alternativ.....	17
Alternativ 1: Full nedlegging av Mo oppvekstsenter.....	17
Moglege konsekvensar.....	17
Vurdering.....	18
Alternativ 2: Ingen endring.....	19
Moglege konsekvensar.....	19
Vurdering.....	19
Alternativ 3: Gradvis innfasing - ruste SUBUS først.....	20

Moglege konsekvensar	20
Vurdering	20
Drøfting av samfunnsøkonomiske utfordringar	21
Samanlikning av tre alternativ for Mo oppvekstsenter og SUBUS	22
Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)	24
Oppsummerande vurdering av dei tre alternativa	26
Kjeldeliste	27

Saksutgreiing til kommunestyret i Surnadal

Kort oppsummering av utgreiinga

Denne utgreiinga skal gi kommunestyret eit heilskapleg og forsvarleg grunnlag for å ta stilling til mogleg endring i skulekrins og struktur for Mo oppvekstsenter. Ho klargjer at økonomiske effektar må vurderast realistisk, og at fleire kostnadsfaktorar kan redusere den faktiske innsparingseffekten vesentleg. Det blir derfor presentert tre alternativ for vidare politisk vurdering: full samanslåing gjennom overføring av elevar til SUBUS, vidareføring utan endring, eller ei gradvis innfasing der SUBUS først blir rusta opp. Utgreiinga understrekar samstundes at kvalitet i opplæringa og kapasiteten i laget rundt barnet må vere sentrale premiss i beslutningsgrunnlaget, slik at eventuelle økonomiske grep ikkje skaper større kostnader og utfordringar over tid.

Innleiing

Dette dokumentet er ei saksutgreiing om framtidig skulestruktur knytt til Mo oppvekstsenter og ei mogleg overføring av elevar til Surnadal barne- og ungdomsskule (SUBUS). Utgreiinga er utarbeidd på bestilling frå kommunestyret (sak 74/25) og skal gi eit forsvarleg, oppdatert og balansert grunnlag for politisk handsaming i ei tid der Surnadal kommune er i ROBEK og må gjere krevjande prioriteringar for å oppnå økonomisk berekraft.

Dokumentet er bygd opp med bakgrunn, formål og historikk frå skulestruktursaka våren 2025, før det blir gjort greie for målsetjingar og kva utgreiinga byggjer på av informasjon og føresetnader. Deretter blir dei viktigaste overordna føringane samla: krav og plikter etter opplæringslova, arbeidsmiljølova, FNs barnekonvensjon, kommunelova (internkontroll) og rammene som følgjer av ROBEK og dialog med Statsforvaltaren. Eit gjennomgåande perspektiv er “laget rundt barnet”, som blir brukt for å vurdere korleis strukturendringar kan påverke kapasitet, samhandling og kvalitet i dei samla tenestene rundt elevane.

Vidare skildrar dokumentet situasjonen ved SUBUS og Mo oppvekstsenter, inkludert elevtalsutvikling, kapasitet og areal, før det blir gjort ei konkret og gjennomgang av innsparingsgrunnlaget som let seg etterprøve. Her blir det synleggjort skilnaden mellom stipulert innsparing og reell netto innsparing, gjennom ein oversikt over kostnader som heilt eller delvis vil bestå (mellom anna SFO, ITO, bygningsdrift, skyss og bortfall av tilskot). Til slutt blir det presentert tre alternativ, med vurderingar av konsekvensar for elevar, tilsette, læringsmiljø, økonomi og lokalsamfunn, og ei samla drøfting av kortsiktige innsparingar opp mot langsiktige samfunnsøkonomiske verknader.

Bakgrunn og formål

Surnadal kommune er i ein krevjande økonomisk situasjon og er registrert i ROBEK. I denne sammenhengen har skulestrukturen vore vurdert som eit mogleg tiltak for å oppnå innsparing, både på kort og lang sikt. Kommunestyret har difor bede om ei ny og meir heilskapleg saksutgreiing knytt til Mo oppvekstsenter, inkludert vurdering av ei mogleg flytting av elevar til Surnadal barne- og ungdomsskule (SUBUS) (jf. kommunestyrevedtak i sak 50/25)

Kort tilbakeblikk på saksutgreiinga våren 2025

Våren 2025 handsama kommunestyret i Surnadal ei omfattande vurdering av heile skulestrukturen i kommunen. I dette nye saksdokumentet blir det fleire gonger vist tilbake til denne saka, omtala som sak 50/25, Bakgrunnen for utgreiinga var den same som omtalt ovanfor, men vurderingane hadde eit vidare omfang gjennom ei samla regulering av skulekrinsane i kommunen. Det vart foreslått nedlegging av alle oppvekstsentera for å oppnå ei samla innsparing på om lag 9 millionar kroner.

Forslaget omfatta Mo oppvekstsenter, Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter og Totalen oppvekstsenter. Saka vart første gong handsama i kommunestyret 21. juni 2025, og endeleg vedtak vart fatta i oktober 2025. Det vart ikkje oppnådd politisk fleirtal for å gjennomføre ei omfattande regulering av skulekrinsane slik det var foreslått.

I saksframlegget i sak 50/25 vart det gjort greie for kommunen sine overordna mål, både generelt og særleg innanfor oppvekstsektoren. Kommunen hadde då, som no, følgjande hovudmål for oppvekstsektoren:

Oppvekstsektoren i Surnadal skal vere framtidsretta og gi barna eit godt læringsmiljø. Barna skal få faglege utfordringar og moglegheit til å vekse, lære og utvikle seg ut frå egne føresetnader og behov. Dei skal vere med på å skape og leve meningsfulle liv – no og i framtida.

(jf. Kommuneplanen sin samfunnsdel, Surnadal kommune: <https://pub.framsikt.net/plan/surnadal/plan-38f321e7-ce67-4326-ae19-7db7d829f8ce-51214/#/>)

Denne målsetjinga ligg òg til grunn for den aktuelle utgreiinga og vurderinga av ei mogleg nedlegging av Mo oppvekstsenter frå august 2026.

Målsetjing med saksutgreiinga

Formålet med denne saksutgreiinga er å gi eit forsvarleg og heilskapleg grunnlag for vurdering av ei justering av skulekrinsgrensene for Mo oppvekstsenter. Utgreiinga belyser konsekvensar knytt til økonomi, personalforhold og læringsmiljø, i samsvar med krava til forsvarleg saksutgreiing etter forvaltningslova § 17.

Saksutgreiinga har som mål å:

- klargjere innhaldet i og føresetnadene for den omtalte innsparinga på om lag 4 millionar kroner
- synleggjere samla økonomiske, pedagogiske, organisatoriske og samfunnsmessige konsekvensar av dei vurderte alternativa
- gi kommunestyret eit tilstrekkeleg og balansert grunnlag for avgjerd gjennom vurdering av tre alternative løysingar

Utgreiinga byggjer på kommunestyresak 50/25, samt dokumenterte samtalar med involverte partar, referat og interne notat. Vidare er det lagt til grunn oppdatert informasjon om kapasitet, skyss, bemanning og elevar med individuelt tilrettelagte behov.

Vurderingane må sjåast i samanheng med kommunen sitt samla arbeid med økonomisk omstilling og innsparingar, slik dette kjem til uttrykk i vedteken økonomiplan og årsbudsjett, og i dei pliktene og rammene som følgjer av ROBEK oppfølginga.

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommuneokonomi/okonomiforvaltning/okonomiplan-og-arsbudsjett/id2006204/>

Tiltak innan oppvekstsektoren er eitt av fleire strukturelle grep kommunen vurderer for å sikre langsiktig økonomisk berekraft, samstundes som kommunen ivaretek sitt ansvar etter opplæringslova.

Overordna føringar

I ei saksutgreiing av dette omfanget er det naudsynt å vise til sentrale lover og regelverk som regulerer kommunen sine plikter og handlingsrom. Utgreiinga og vurderingane til kommunestyret må skje innanfor rammene av følgjande overordna føringar:

Opplæringslova

1. Rett og plikt til opplæring (kap. 2) (lovens formål og grunnleggjande ansvar)

Opplæringslova fastsett at alle barn har rett og plikt til grunnskuleopplæring, og at denne opplæringa skal vere gratis og forsvarleg så lenge barnet bur i Noreg. Dette legg eit overordna ansvar på kommunen for å sikre at alle barn får tilbod om opplæring uavhengig av kor dei bur.

2. Skuleskyss (§ 9-1) – retten til transport

Elevane har rett til skuleskyss dersom den daglege skulevegen er lang og det ikkje er forsvarleg at dei går eller sykklar. Ved endringar i skulestruktur og skulestad er det viktig å vurdere om skyssretten blir påverka, både økonomisk og praktisk for familiar.

3. Det beste for eleven (§ 10-1) og medverknad (§ 10-2)

Når kommunen vurderer strukturelle endringar, må det leggjast vekt på kva som er til det beste for elevane. Dette er eit lovpålagt omsyn der ein skal sjå på korleis ulike tiltak vil

påverke behov, trivsel og utvikling til den enkelte elev eller grupper av elevar. Elevmedverknad skal også takast med i vurderingane der dette er relevant.

4. Tilpassa opplæring (§ 11-1 og § 11-2)

Kommunen og skulen skal sørgje for at opplæringa er tilpassa den enkelte elev slik at alle skal kunna få eit tilfredsstillande utbytte av undervisninga, uavhengig av føresetnader og behov. Dette betyr at ein må vurdere om strukturendringar kan påverke kvaliteten på opplæringa for elevar med ulike behov.

5. Retten til eit trygt og godt skulemiljø (§ 12-2 og følgjande)

Alle elevar har rett til eit trygt og godt fysisk og psykososialt skulemiljø som fremjar helse, trivsel, inkludering og læring. Skulen og kommunen har plikt til systematisk arbeid for å sikre dette, og må ikkje svekkast som følgje av organisatoriske endringar.

<https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30>

Arbeidsmiljølova

§ 4-2 – krav om medverknad og forsvarleg omstilling

Arbeidsmiljølova § 4-2 stiller krav til korleis arbeidsgjevar skal gå fram ved endringar i verksemda som kan få konsekvensar for dei tilsette sitt arbeidsmiljø og arbeidssituasjon. For kommunen inneber dette at tilsette og deira tillitsvalde skal få naudsynt informasjon og reell moglegheit til medverknad når det vert planlagt eller gjennomført endringar som kan påverke arbeidstilhøve, arbeidsstad eller organisering av arbeidet.

Ved omstillingsprosessar, som til dømes endringar i skulestruktur, har kommunen ansvar for å gjennomføre prosessen på ein forsvarleg måte. Dette inneber mellom anna at:

- tilsette vert involverte tidleg i prosessen
- endringane blir vurderte opp mot konsekvensar for arbeidsmiljø og arbeidssituasjon
- arbeidsgjevar legg til rette for dialog og medverknad i tråd med lovkrava

Formålet med desse krava er å sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø også i periodar med endring, og å bidra til føreseielege og ryddige prosessar. <https://lovdata.no/lov/2005-06-17-62>

FNs barnekonvensjon - barnets beste (artikkel 3)

FNs barnekonvensjon artikkel 3 fastset at omsynet til barnets beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle handlingar og avgjersler som gjeld barn. Dette gjeld både for enkeltvedtak og for overordna og strukturelle avgjersler, som til dømes endringar i skulestruktur. I slike saker har kommunen plikt til å vurdere og synleggjere korleis ulike

alternativ påverkar barn og unge, mellom anna når det gjeld læringsmiljø, tryggleik, trivsel og utviklingsmoglegheiter. Prinsippet inneber ikkje at barnets beste alltid skal vere avgjerande, men at det skal leggjast stor vekt på og vere ein tydeleg del av vurderingsgrunnlaget.

<https://lovdata.no/lov/1999-05-21-30>

Kommunelova - internkontroll (§ 25-1)

Kommunelova § 25-1 pålegg kommunen å ha ein systematisk internkontroll som skal sikre at verksemda blir planlagd, gjennomført, følgt opp og korrigert i tråd med gjeldande lover og forskrifter. Dette inneber mellom anna at politiske saker skal vere forsvarleg utgreidde, med relevante og dokumenterte vurderingar av konsekvensar før det blir fatta vedtak. Kravet til forsvarleg saksutgreiing er ein sentral del av kommunen sitt ansvar etter kommunelova.

<https://lovdata.no/nav/lov/2018-06-22-83/kap25/%C2%A725-1>

ROBEK-status og dialog med Statsforvaltaren

Surnadal kommune er registrert i ROBEK frå 6. januar 2026. Dette inneber at kommunen er under statleg kontroll når det gjeld økonomiforvaltninga. Som følgje av dette krev låneopptak og inngåing av langsiktige leigeavtar godkjenning frå Statsforvaltaren. Saksutgreiinga må difor sjåast i samanheng med kommunen sitt ansvar for å sikre økonomisk balanse over tid, samt den løypande dialogen med Statsforvaltaren knytt til oppfølging av ROBEK-statusen.

<https://lovdata.no/lov/2018-06-22-83>

Lærarnorma

Lærarnorma er ei bindande minstenorm for lærartettleik i ordinær undervisning i grunnskolen, fastsett i opplæringsforskrifta. På ein grunnskule skal forholdet mellom elevar og lærarar i ordinær undervisning i gjennomsnitt maksimalt vere 15 elevar per lærar på 1.–4. trinn, 20 elevar per lærar på 5.–7. trinn og 20 elevar per lærar på 8.–10. trinn. Kravet blir målt som gjennomsnitt på skulenivå for dei aktuelle trinna. [Forskrift om grunnskoleopplæringa](#)

No er det ein diskusjon som handlar om forslag om å endre eller fjerne norma. I NOU 2026: 1 foreslår eit fleirtal i Kommunekommisjonen å avvike lærernorma, med eit subsidiært forslag om å leggje ei eventuell norm på kommunenivå i staden for dagens krav per hovudtrinn på skulenivå. Dette er forslag i ei offentleg utgreiing og inneber ikkje endring i gjeldande regelverk før eventuell oppfølging frå regjering og Storting.

Laget rundt barnet

Eit gjennomgåande og berande perspektiv i denne saka er prinsippet om *Laget rundt barnet*. Dette perspektivet er òg løfta fram i tidlegare saksutgreiingar i Surnadal kommune, særleg i samband med vurderingar av skulestruktur og barnets beste. Prinsippet byggjer på ei forståing av at barn og unge sitt læringsutbytte, trivsel og utvikling ikkje berre er eit resultat av undervisninga åleine, men av den samla støtta barnet møter i kvardagen.

I praksis inneber dette at retten til forsvarleg opplæring etter opplæringslova må sjåast i samanheng med kommunen si evne til å tilby samordna, tilgjengelege og kompetente støttefunksjonar. I Surnadal omfattar laget rundt barnet mellom anna pedagogar og skuleleiing, SFO-personale, pedagogisk-psykologisk teneste (organisert som interkommunalt samarbeid), helsesjukepleiar, barnevern og psykisk helseteneste, samt Storteamet på SUBUS som arbeider med dei mest samansette og krevjande sakene. Desse funksjonane utfyller kvarandre, og er samla sett avgjerande for at kommunen skal kunne oppfylle kravet om eit trygt, inkluderande og tilpassa opplæringstilbod.

I førre saksutgreiing vart det lagt til grunn at vurderinga av barnets beste må ta utgangspunkt i barnet si heilskaplege livssituasjon. Dette inneber mellom anna å vurdere stabilitet i relasjonar, oversiktlege læringsmiljø, tilhøyrse til nærmiljøet, tilgang på trygge vaksne og kommunen si evne til tidleg innsats. Desse momenta er tett knytte til korleis laget rundt barnet fungerer i praksis, og kan ikkje skiljast frå vurderingar av struktur og organisering av skulen, jf. Sak 50/25.

Denne utgreiinga viser samstundes at fleire av støttefunksjonane i laget rundt barnet allereie er under press. PPT har lange ventelister, helsesjukepleiartenesta er sårbar, og Storteamet på SUBUS har høg kapasitetsutnytting. Dette avgrensar kommunen sitt handlingsrom når det gjeld å fange opp, følgje opp og førebyggje utfordringar hos barn og unge. Ved raske strukturendringar i skulen, utan at desse funksjonane blir styrkte parallelt, er det ein reell risiko for at laget rundt barnet i praksis blir svekka, sjølv om intensjonen er å styrkje kvaliteten i opplæringstilbodet.

Erfaringar frå tidlegare prosessar, både i Surnadal og i andre kommunar, viser at overføring av elevar til større einingar aukar behovet for koordinering, relasjonsarbeid og systematisk førebygging av skulefråvær og psykososiale utfordringar. Når fleire barn skal inn i større og blir det ekstra viktig med tett og føreseieleg samhandling mellom skule, heim og støtteapparat, og med god kapasitet til tilpassa oppfølging.

(<https://utdanningsforskning.no/artikler/2024/skolevegring-og-flukt-fra-den-offentlige-skolen/>).

Surnadal kommune har i dag etablerte samarbeidsstrukturar og rutinar for oppfølging av barn og unge, og desse vil vere viktige å vidareføre og justere slik at dei støttar godt opp under ei eventuell samanslåing og ein trygg overgang.

Dersom laget rundt barnet ikkje blir dimensjonert i takt med endringane, kan meir av oppfølgingsarbeidet i praksis bli lagt på lærarar og SFO-personale. Over tid kan dette gi uklare forventningar og rollefordeling i oppgåver som best blir løyste tverrfagleg. Ei tydeleg avklaring av ansvar, samarbeidsflater og kapasitet i samband med ei eventuell samanslåing vil derfor vere viktig både for kvaliteten i opplæringa, arbeidsmiljøet og kommunen si evne til å ivareta barnets beste på ein heilskapleg og forsvarleg måte.

Om Surnadal barne- og ungdomsskule (SUBUS) og Mo oppvekstsenter

Surnadal barne- og ungdomsskule (SUBUS) har i dag om lag 335 elevar på barnetrinnet, fordelt på 1.–7. trinn, og om lag 185 elevar på ungdomstrinnet, fordelt på 8.–10. trinn. Skulen ligg i Øye-området, der òg Surnadal vaksenopplæring og integrering, Øye og Solbakken barnehage samt Surnadal vidaregåande skule er lokaliserte.

Den nye skulen vart ferdig i 2021. Småtrinnet er nybygg, medan mellomtrinns- og ungdomsskulebygget er rehabilitert. Skulen er dimensjonert for om lag 595 elevar fordelt på barne og ungdomstrinn. SUBUS har per i dag ei samla administrativ ressurs på om lag 500 prosent, fordelt på rektor, assisterande rektor, tre inspektørar, leiar for SFO og storteamleiar. I tillegg kjem ein merkantil ressurs på 100 prosent.

Vurderingane i saka tek utgangspunkt i at skulen er dimensjonert for framtidig elevutvikling i kommunen, slik dette låg til grunn ved planlegging og bygging av nytt skuleanlegg i 2021. Det er ikkje del av denne saksutgreiinga å vurdere eventuelle framtidige endringar knytt til andre oppvekstsenter i kommunen.

Mo oppvekstsenter består av skule med skulefritidsordning (SFO) og barnehage. Skulen er ein del av eit oppvekstsenter og har per i dag 29 elevar fordelt på 1.–7. trinn. Barnehagen tek imot barn i alderen 0-5 år. Verksemda er organisert med felles einingsleiar, rektor i 40 prosent stilling for skulen og styrar for barnehagen.

Det er gjennomført ei overordna vurdering av skulebygget, og det ligg ikkje føre opplysningar som tilseier akutte behov for vedlikehald eller bygningsmessige tiltak. Men skulen opplys at dei vil ha behov for 2 ekstra klasserom for ungdomstrinnet frå hausten 2026.

Tabell 1 viser utvikling i elevtal ved Mo oppvekstsenter og Surnadal barne- og ungdomsskule (SUBUS) i eit femårsperspektiv (2025–2030).

Elevtalsutvikling

Tabell 1 Elevtalsutvikling ved Mo oppvekstsenter og SUBUS

Skuleår	Tal elevar Mo oppvekstsenter	Tal elevar SUBUS	Samla elevtal ved samanslåing
2025-26	29	521	550
2026-27	31	509	540
2027-28	34	530	564
2028-29	34	524	558
2029-30	37	515	552

Areal og organisering ved Surnadal barne- og ungdomsskule (SUBUS)

Leiinga ved SUBUS har gjennomført ei overordna vurdering av arealdisponeringa ved ei eventuell samanslåing med Mo oppvekstsenter. Eitt av fleire moglege alternativ som er drøfta, er bruk av areal som i dag er nytta av kommunen si opplæring for vaksne. Dette arealet kan likevel ikkje leggjast til grunn som disponibelt undervisningsareal i denne saka no. Lokala er i bruk av vaksenopplæringa, og eventuell alternativ lokalisering for denne verksemda er ikkje avklart. Det ligg òg føre tidlegare pålegg frå Arbeidstilsynet knytte til arbeidslokala, mellom anna om tiltak for fullt forsvarlege arbeidslokale, garderobeløysing og inneklima. Dersom bygget på eit seinare tidspunkt skal vurderast som del av ei arealløysing for SUBUS, må det først liggje føre dokumentasjon på at nødvendige tiltak er gjennomførte, at lokala er eigna til føremålet, og at økonomiske og driftsmessige konsekvensar er tilstrekkeleg utgreidde. På denne bakgrunnen kan «gulbygget» ikkje reknast som ein avklart føresetnad for samanslåing frå hausten 2026.

I vurderingen av arealbehov er det viktig å presisere at bruk av det gule bygget kan være ett av flere mulige tiltak, men at det også finnes alternative løsninger gjennom intern omdisponering i hovedbygget. Skolens arbeidsrom for lærere er i størrelsesorden 42 til 49 kvadratmeter, og kan ved behov omgjøres til ordinære undervisningsrom. Dersom en legger til grunn en arealnorm på om lag 2,5 kvadratmeter per elev, kan slike rom gi kapasitet til elevgrupper på om lag 16 til 17 elever. Med fire arbeidsrom per hovudtrinn kan dette samlet sett gi fire nye klasserom, forutsatt at det etableres alternative arbeidsplasser for ansatte andre steder i bygningsmassen. Mulige løsninger kan være å utnytte areal i andre etasje mer fleksibelt, der noe areal i dag brukes til SFO og noe tidligere har vært vurdert til innføringsklasse. SFO kan i større grad sambruke areal med trinnarealene på 1. til 4. trinn, og behovet for egen innføringsklasse kan endre seg over tid. Et annet mulig grep er å vurdere mer samordnede arbeidsrom for lærere på tvers av trinn, for eksempel ved sammenslåing av arbeidsrom mellom 1. til 4. trinn og 5. til 7. trinn og eller 8. til 10. trinn. Dette kan redusere

behovet for nye rom og samtidig gi større fleksibilitet i romprogrammet. Det kan imidlertid føre til økt personalbehov.

Eit anna alternativ er å etablere arbeidsrom for lærarar og elevgarderobar på småskuletrinnet i dei areala der biblioteket i dag er lokalisert. Dette vil kunne frigjere eksisterande arbeidsrom til klasserom. Kantinedrifta ved skulen skal avviklast, og bibliotekfunksjonen kan flyttast til tidlegare kantineareal.

Frå eit skoledriftsperspektiv blir det vurdert at det per no ikkje er openbert kva for alternativ som er mest føremålstenleg, og det vil vere behov for nærare avklaringar knytt til både pedagogisk bruk, logistikk og driftsmessige konsekvensar.

Storleiken på klasseromma ved SUBUS varierer noko. Det kan medføre behov for justeringar i organiseringa av klassar for å sikre eigna romløyningar. Leiinga vurderer deling av enkelte klassar der elevtalet overstig 25 elevar. Denne vurderinga vil bli gjort opp mot arealnorm, i tillegg til lærarnorm.

Den omtalte innsparinga på om lag 4 millionar kroner

I saksutgreiinga i sak 50/25 vart det lagt til grunn ei innsparing på 4 millionar kroner dersom elevane frå Mo vart overførte til SUBUS. Samstundes er budsjettert ramme for skuledelen ved Mo oppvekstsenter, inkludert SFO, 6 181 000 kroner. Det er difor nødvendig å klargjere kva beløpet omfattar, kva det byggjer på, og kva føresetnader som må vere oppfylte for at innsparing i denne storleiken faktisk kan realiserast.

Grunnlaget for beløpet er i hovudsak knytt til ein reduksjon av 4 lærerårsverk ved full nedlegging av skuledrifta ved Mo oppvekstsenter. Dette inneber at undervisningsressursar som i dag er knytt til Mo oppvekstsenter, blir tekne ut av organisasjonen og ikkje erstatta ved Surnadal barne- og ungdomsskule (SUBUS). Føresetnaden er at SUBUS kan ta imot elevane innanfor gjeldande, lovpålagd minstenorm for lærartettleik, og utan behov for varig auke i lærarressurs utover det som er nødvendig for å oppfylle minstekravet.

Nøyaktig vurdering av lærartettleik ved SUBUS for skuleåret 2026–2027 vil først kunne gjerast når bemanninga for neste skuleår er endeleg avklart. Dette omfattar mellom anna avklaringar knytte til studiepermisjonar, fødselspermisjonar, eventuelle vakansar og faste stillingsheimlar. Basert på situasjonen per i dag er vurderinga at ei overføring av elevar frå Mo oppvekstsenter til SUBUS ikkje automatisk vil utløyse behov for auka lærarressurs for å oppfylle lærarnorma. Samstundes ligg berekninga tett opp mot grensa i norma, og mindre endringar i elevtal eller bemanning kan føre til at det oppstår behov for justering av ressursnivået. Endeleg vurdering vil bli gjort i samband med den ordinære planlegginga av bemanning for neste skuleår.

Det er samstundes viktig å understreke at denne berekninga ikkje tek høgde for fleire kostnadsfaktorar som heilt eller delvis vil bestå ved ei eventuell nedlegging.

For det første omfattar berekninga ikkje ressursbehov knytt til skulefritidsordninga (SFO). I dag nyttar 10 av 29 elevar ved Mo oppvekstsenter SFO-tilbodet. Det er lagt til grunn at dette omfanget i hovudsak vil bli vidareført og /eller noko utvida ved ei eventuell overføring til SUBUS. Lønnsutgiftene til SFO ved Mo oppvekstsenter utgjer i dag om lag 1,5 årsverk, ca. 1.180.000 kroner årleg. Her samarbeider bhg og skule om den «andre» stillinga. Utgiftene til ei stilling på SFO må reknast med vidare, avhengig av faktisk deltaking. Behovet for plassar barnehagen har auka utover hausten 2025 og i 2026 i takt med store fødselstal, noko som gjer at den ressursen som var utnytta på tvers må vere att på Mo barnehage om skulen vert flytta.

For det andre tek berekninga ikkje høgde for behov for individuell tilrettelegging og støtte (ITO), som kommunen er forplikta til gjennom enkeltvedtak, uavhengig av skulestruktur. Per i dag utgjer dette om lag 0,8 årsverk ved Mo oppvekstsenter det utgjer 639.801 kroner årleg.

Vidare tek berekninga ikkje fullt ut omsyn til faste driftsutgifter knytt til bygningsmassen ved Mo oppvekstsenter. Barnehagen vil framleis nytte delar av bygget, og kommunen må difor rekne med vidare utgifter til mellom anna straum, forsikring, kommunale avgifter, brøyting, reinhald og vaktmeistertjenester. I 2025 vart desse utgiftene stipulerte til Mo oppvekstsenter til 1,35 millionar kroner. Det er lagt til grunn at utgiftene kan bli noko reduserte ved bortfall av skuleverksemd, men eit behov på om lag 850 000 kr pr år blir vurdert som eit realistisk estimat for vidare drift av bygget.

Ved full nedlegging av Mo oppvekstsenter vil kommunen ikkje lenger ha tilskot knytt til drift av oppvekstsenteret slik dette er lagt til grunn i berekningane. Samstundes er det viktig å presisere at det i statsbudsjettet for 2026 ikkje ligg øyremerkte midlar til grendeskular, men at finansieringa kjem gjennom kommunen sitt ordinære rammetilskot. Eventuelle budsjettverknader må difor vurderast som ein del av den samla økonomien, og ikkje som eit direkte bortfall av øyremerkte tilskot på om lag 540 000 kroner årleg.

Berekninga omfattar heller ikkje skysskostnader fullt ut. Auka skyssutgifter er estimert til om lag 170 000 kroner årleg (Utrekna til sak 50/25).

Reell innsparing – oversikt:

Tabell 2 Estimert netto innsparing ved nedlegging av Mo oppvekstsenter (årsbasis)

Område	Kostnad/bortfall	Merknad
Ramme skuledelen på Mo (Netto tall)	−6.181000	Teoretisk innsparing
Bortfall av rammetilskot for grendeskular	+583 000	Reelt bortfall
Auka skysskostnader	+170 000	Estimat

1 stilling frå SFO må vere att i barnehagen Samdrift pr. i dag	+749 000	Redusert nivå
ITO støtte	+639 000	Vidareført ITO behov
SFO – lønnsutgifter	+749 000	Vidareført lønnsutgift
Innsparing på teknisk drift(reinhald, vaktmeister, straum etc.)	-580 000	Innsparing på teknisk
Estimert netto innsparing	3 914 000	Netto innsparing pr. år.

Samla vurdering

Når dei faktiske kostnadsfaktorane blir tekne med i berekninga, står innsparinga på 6 181 000 kroner ikkje som ein reell netto gevinst for Surnadal kommune. Som tabellen viser, er den estimerte netto innsparinga ved ei full nedlegging av Mo oppvekstsenter om lag 3 914 000 kroner årleg.

Denne innsparingseffekten føreset full strukturendring, høg omstillingsevne og at det ikkje oppstår nye eller uventa kostnader.

Alle beløpa er rekna på årsbasis. For 2026 vil den reelle innsparingseffekten vere avgrensa, mellom anna som følgje av oppseiingstid og plikter etter arbeidsmiljølova. Oppseiing av fast tilsette krev sakleg grunn, involvering av tillitsvalde og overhald av gjensidig oppseiingstid. I praksis inneber dette at ei eventuell oppseiing tidlegast vil få verknad frå sein hausten 2026.

Gitt omfanget av ei nedlegging er det sannsynleg at ein vil få overtal blant undervisningspersonalet. Subus kan i ein viss grad absorbere noko av denne overtal gjennom naturleg fråfall som fødselspermisjonar, utdanningspermisjonar, langtidsfråvær og andre behov som oppstår i ei stor eining. Det er likevel lite truleg at desse behova åleine vil vere tilstrekkelege til å ta unna all overtal. Da vil ein sjå til behov i andre einingar i kommunen før ein eventuelt ender opp med overtalige arbeidstakarar.

Elevgrunnlag, skyss og individuelle behov

Elevtalet ved Mo oppvekstsenter er svakt aukande, slik det går fram av tabell 1. Ei eventuell innlemming av elevar frå Mo oppvekstsenter vil auke elevtalet ved Surnadal barne- og ungdomsskule (SUBUS), men samla elevtal vil liggje innanfor den kapasiteten skulen vart dimensjonert for ved ferdigstilling av nytt skuleanlegg, som er om lag 595 elevar.

I dag er det om lag 30 elevar busette i kommunen som har valt SUBUS som nærskule, sjølv om dei soknar til ulike grendaskular. Desse elevane kjem frå fleire skulekrinsar, ikkje berre frå Mo-området. Per i dag har desse elevane ikkje rett til skuleskyss, då dei har valt eit anna skuletilbod enn nærskulen i eigen krins. Ved ei eventuell nedlegging av Mo oppvekstsenter vil retten til skuleskyss bli utløyyst for elevar som soknar til Mo-krinsen, i tråd med gjeldande regelverk. Dette estimerast til å utgjere om lag 40 tusen av dei totalt 170 tusen som er berekna til skysskostnader. Elevane frå dei andre grendaskulekrinsane vil framleis vere omfatta av dei ordinære reglane for val av annan skule enn nærskulen.

Ved ei eventuell samanslåing kan elevtalet på enkelte trinn bli høgt (til dømes om lag 26 elevar i ein klasse på 4. trinn ved full overføring), men dette utløyser ikkje i seg sjølv krav om fleire klassar etter lærarnorma, sidan norma blir målt som gjennomsnittleg forhold mellom elevar og lærarar i ordinær undervisning på skulenivå for 1.–4. trinn. Samstundes kan gruppestorleik og elevsamansetjing gi behov for gruppedeling av omsyn til pedagogisk forsvarleg opplæring, romkapasitet og tilrettelegging, noko som i praksis kan påverke ressursbehovet ved SUBUS. Det må òg takast atterhald om at den endelege vurderinga av lærarnorma først kan gjerast når bemanninga ved SUBUS for skuleåret 2026–2027 er avklart.

Det er per i dag elevar ved Mo oppvekstsenter på barnetrinnet som har enkeltvedtak om individuell tilrettelegging og støtte (ITO). Desse behova blir vurderte som varige og uavhengige av skulestruktur. Omfanget utgjer om lag 0,8 årsverk og må vidareførast ved ei eventuell overføring av elevane til SUBUS. Som vist i tabell 2 kan denne ressursen difor ikkje reknast som ein innsparing ved ei eventuell nedlegging.

Situasjonen ved SUBUS har endra seg sidan førre utgreiing. Kommunalsjefen peikar på at presset knytt til skulefråvær, psykososialt læringsmiljø og behov for individuell tilrettelegging har auka markant den siste tida. Rektor understrekar at slike forhold ikkje er statiske, men varierer frå skuleår til skuleår, i takt med kor elevane er i livsløpet sitt og kva behov elevgruppene til ei kvar tid har. I tillegg har SUBUS prøvd å klare seg utan å tilsette personale i alle vakante stillingar. Dette inneber at vurderingar baserte på tidlegare situasjonsbilete ikkje utan vidare kan leggjast til grunn for nye strukturendringar. I den samla konsekvensvurderinga må det difor takast høgde for at framtidige skuleår kan innebere større og meir samansette behov enn det som var tilfellet på tidspunktet for førre utgreiing.

Kapasitet og areal

Ved ei eventuell samanslåing er det per no ikkje avklart om areala som i dag blir nytta av kommunal vaksenopplæring, kan inngå som tilleggsareal for SUBUS. Dette heng saman både med at vaksenopplæringa framleis nyttar lokala, og med at det ligg føre dokumenterte arbeidsmiljømessige forhold som må avklarast og utbetrast før bygget eventuelt kan vurderast til anna bruk. Det ligg heller ikkje føre konkret kostnadsberekning for naudsynt tilrettelegging, utbetring og eventuell flytting av vaksenopplæringa. Desse forholda inneber at bygget ikkje bør reknast inn som ein sikker del av kapasiteten ved SUBUS i vurderinga av

samanslåing frå hausten 2026. Det er samstundes viktig å vere merksam på at ei slik løysing føreset at vaksenopplæringa får tilgang til nye og eigna kommunale lokale. Lokalisering av vaksenopplæringa er ikkje avklart per i dag, men bør avklarast så tidleg som mogleg dersom samanslåing blir vedteken, då dette er ein føresetnad for å kunne ta i bruk dei aktuelle areala ved SUBUS.

Den nye delen av SUBUS har fleire ulike undervisningsareal, mellom anna ordinære klasserom, SFO og grupperom. Samstundes ligg naturfagrommet i hovudsak i den eldre bygningsmassen. Skulen disponerer i dag fleire grupperom, men desse er i stor grad tilpassa andre føremål enn individuell tilrettelagt undervisning (ITO), etter at ordinære grupperom over tid har vorte bygde om.

Frå og med august 2026 vil Storteamet sitt arbeid legge beslag på åtte grupperom. Sjølv om skulen totalt sett disponerer noko fleire grupperom enn dette, inneber situasjonen at det i praksis er få grupperom som er særskilt eigna eller avsette til ITO-arbeid ved ei eventuell samanslåing. Når elevar med ITO-vedtak frå Mo oppvekstsenter blir overførte, vil dette forsterke presset på grupperoms- og arealkapasiteten.

Dette må vurderast som eit sentralt moment i den samla vurderinga av om SUBUS har tilstrekkeleg og formålstenleg arealkapasitet til å ivareta elevane sine behov på ein forsvarleg og pedagogisk tenleg måte.

Tilsette og arbeidsmiljø

Ved Mo oppvekstsenter har ein i dag ei fleksibel løysing der barnehage og skule samarbeider om å dekkje vikarbehov ved fråvær. Dette bidreg til lågare bruk av eksterne vikarar. Ved ei eventuell innlemming av Mo oppvekstsenter i SUBUS vil denne fleksibiliteten falle bort, og kommunen må då pårekna auka behov for vikarressursar ved Mo barnehage, noko som vil medføre auka kostnader.

Kommunen har plikt til å sikre forsvarleg opplæring også ved fråvær, jf. opplæringslova § 17-7. Dette inneber mellom anna at kommunen må ha tilstrekkeleg kapasitet og ordningar for å dekkje undervisninga ved behov, til dømes gjennom vikarbruk, slik at kvalitet og kontinuitet i opplæringa blir ivareteken. Dersom SUBUS får fleire elevar, kan det vere behov for å vurdere bemanning og vikarressursar for å sikre stabile rammer og god oppfølging i undervisninga. I ein kommune på Surnadal sin storleik kan rekruttering av kvalifiserte vikarar på kort varsel vere utfordrande, og dette bør takast med i planlegginga av ressursbruk og budsjett.

Ut over 0,8 årsverk til ITO, vil det for dei øvrige tilsette må kommunen avklare rettar og plikter i samsvar med arbeidsmiljølova og gjeldande avtaleverk. Vedtak om nedlegging føreset at kommunen så tidleg som mogleg går i dialog med tillitsvalde og tilsette.

Det kan vere krevjande å få eventuelle personalmessige endringar til å få full verknad frå 1. august 2026. Tidslinja vil mellom anna avhenge av krav til sakleg grunn og forsvarleg prosess,

medrekna drøftingar, og av kva oppseiingsfristar som gjeld etter arbeidsmiljølova og gjeldande tariffavtale. https://lovdata.no/nav/lov/2005-06-17-62/kap15?utm_source=chatgpt.com

Ved oppseiing grunna verksemda sine forhold kan tilsette ha fortrinnsrett til nye stillingar i kommunen som arbeidsgivar i eitt år etter at oppseiingsfristen har gått ut, føreset at vilkåra i lova er oppfylte og at arbeidstakaren er kvalifisert for stillinga.

<https://lovdata.no/nav/lov/2005-06-17-62/kap14/%C2%A714-2>

Ved omplassering til lågare løna stilling kan lønn sikrast som personleg ordning dersom dette blir avtalt i tråd med gjeldande tariffavtale. Ved overtalige og eventuell nedbemanning må Surnadal kommune forhalda seg til arbeidsmiljølova § 15-7, som stiller krav til sakleg grunn ved oppseiing og ivaretaking av dei [tilsette sine rettar](#) i omstillingsprosessar.

Tre alternativ

Kommunen skal sikre eit forsvarleg og tilpassa opplæringstilbod for alle elevar, også når behovet for individuelt tilrettelagd opplæring oppstår. I vurderinga av framtidig organisering av Mo oppvekstsenter og SUBUS er det særleg relevant å sjå på om kapasitet, kompetanse og støttefunksjonar rundt elevane er tilstrekkelege til å følgje opp lovpålagde plikter innan rimeleg tid. Saka må òg vurderast i lys av at PPT-kapasiteten og ressursrammene ved skulane er tett planlagde, og at endringar i elevgrunnlag kan krevje tilpassingar i bemanning, areal og organisering. Nedanfor blir tre alternativ presenterte og vurderte opp mot konsekvensar for elevar og læringsmiljø, tilsette, økonomi og lokalsamfunn, slik at kommunestyret får eit samla og samanliknbart grunnlag for vidare behandling.

Alternativ 1: Full nedlegging av Mo oppvekstsenter

Dette alternativet inneber at Mo oppvekstsenter vert lagt ned som skule, og at alle elevar vert overførte til Surnadal barne- og ungdomsskule (SUBUS) frå 1. august 2026 Skulekrinsane vert endra tilsvarende, og SUBUS får fullt ansvar for opplæringstilbodet.

Moglege konsekvensar

Ei slik løysing gir ei rask strukturell endring, og vil medføre at elevtalet ved SUBUS aukar noko på fleire trinn. Dette kan krevje tilpassingar i organisering, lærartettleik og praktisk tilrettelegging, og kan påverke moglegheita for differensiering i undervisninga. Behovet for tilpassa opplæring og særskilde tiltak vil framleis vere til stades, og i ein liten kommune må dette vurderast på eit overordna nivå utan kopling til enkeltpersonar.

SUBUS har i dag oppgåver knytte til læringsmiljø, skulefråvær og oppfølging av elevar med samansette behov. Ei samtidig auke i elevtal kan gjere det nødvendig å styrkje eller

vidareutvikle støttefunksjonar og arbeidsmåtar, slik at kapasitet og kvalitet blir ivaretekne. Ei rask overgang gir òg avgrensa tid til førebuing for elevar, føresette og tilsette, noko som gjer det særleg viktig med planlagde overgangsprosessar og tett oppfølging i startfasen.

For lokalsamfunnet i Mo vil nedlegginga innebære ei endring i det samla oppvekstmiljøet. Skule, SFO og barnehage er i dag tett kopla både pedagogisk og personalmessig. Dersom skulen fell bort, vil det vere behov for å vurdere konsekvensar for barnehagen knytt til bemanning, rekruttering og fleksibel bruk av personalressursar, innanfor gjeldande krav og rammer.

Norske kjelder gir støtte for at mange elevar kan gjennomføre skulebyte og samanslåingar utan varig negativ effekt på faglege resultat i snitt, samstundes som dei peikar på at sosial tilpassing og trivsel i overgangsfasen ikkje kan takast for gitt, særleg ved raske endringar. Ei registerbasert studie omtalt av NHH finn ikkje indikasjon på svekka elevprestasjonar ved skulenedlegging og overgang til større einingar, men understrekar at resultat kan påverkast av til dømes ulik vurderingspraksis mellom skular. <https://www.nhh.no/nhh-bulletin/artikkelarkiv/eldre-saker/2016/mai/skulenedleggelser-ingen-ulempe/>

Samstundes viser ei kunnskapsoppsummering frå Kunnskapssenter for utdanning at overgang til større skulemiljø kan vere ei kritisk fase med både sosiale og faglege endringar, og at tiltak som styrkjer tilhøyrslø, relasjonar og engasjement kan vere viktige.

<https://www.uis.no/nb/kunnskapssenter-for-utdanning/ressurser/fra-barne-til-ungdomsskole-tiltak-for-og-etter-overgangen>

Utdanningsdirektoratet peikar i same retning, og understrekar behovet for planlagde rutinar, god informasjonsflyt og koordinert oppfølging, særleg for elevar med behov for tilrettelegging. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/overganger-barn-elever-tilrettelegging/>

På denne bakgrunnen er det fagleg forsvarleg å formulere at ein rask overgang kan fungere godt for mange elevar, men at utfallet i stor grad vil avhenge av kvaliteten på overgangsarbeidet og kapasiteten ved mottaksskulen til å byggje relasjonar, sikre tilhøyrslø og følgje opp dei som treng ekstra støtte.

Vurdering

Dette alternativet kan gi ein klarare og meir samla skulestruktur, og kan gi økonomiske effektar både i omfang og i løpet av kortare tid enn dei andre alternativa. Samstundes føreset løysinga at ein planlegg godt for å sikre forsvarlege rammer ved mottaksskule, med tilstrekkeleg kapasitet i bemanning, støttefunksjonar og areal før endringa blir gjennomført. Det bør difor leggjast vekt på ein realistisk innfasing og ein gjennomarbeidd overgangsplan som tek omsyn til kvalitet i opplæringa og elevane sitt beste.

Alternativ 2: Ingen endring

Dersom Mo oppvekstsenter blir vidareført, blir ikkje den økonomiske effekten som er knytt til endra skulestruktur på Mo utløyst. Kommunen må då finne dekning for både vedtekne nedtrekk på 2,5 millionar kroner i 2026 og 5 millionar kroner i 2027, og behov for endringar som skjer utan at vi var klar over behova i utarbeidinga av budsjettet for 2026. Dette inneber at behov for innsparingar for å få ein endå meir berekraftig økonomi må skje innafor dagens struktur og at kommunen må gjere prioriteringar som kan få konsekvensar for både ressursbruk, kvalitet og organisering på tvers av skular, oppvekstsentra og barnehagar.

Moglege konsekvensar

Eit samla innsparingskrav kan medføre behov for endringar i ressursbruk og organisering i fleire einingar, mellom anna gjennom justering av gruppestruktur, bemanning og leiingsressurs. Eit døme på eit mogleg tiltak er å vidareføre tredeling i basisfaga norsk, matematikk og engelsk, men gå over til todeling i dei resterande faga. Ei slik løysing kan gi ein avgrensa, men konkret innsparing, estimert til om lag 0,9 årsverk, samstundes som ein tek vare på meir lærartettleik og pedagogisk fleksibilitet i dei faga som oftast har størst betydning for grunnleggande ferdigheiter og tidleg innsats. Tiltaket vil likevel kunne redusere rommet for deling og differensiering i andre fag, og krev planlegging for å sikre at opplæringa framleis er pedagogisk forsvarleg og i tråd med krav til læringsmiljø og tilpassa opplæring.

Andre tiltak kan vere justering av støttefunksjonar, eller omfordeling av ressursar mellom einingar. Slike grep kan gi økonomisk effekt, men kan òg påverke stabilitet, kapasitet til oppfølging og rom for utviklingsarbeid. For barnehagane kan innsparingar særleg slå inn i turnus og bemanningsplanlegging og dermed påverke stabilitet i personalgruppa og moglegheita til å møte særskilde behov innanfor gjeldande rammer.

Vurdering

Vidareføring av Mo oppvekstsenter gir stabilitet lokalt, men føreset at kommunen identifiserer alternative, realistiske og forsvarlege innsparingar som samla dekker vedtekne nedtrekk i 2026 og 2027. Tiltak som blir vurderte på tvers av einingane bør sjåast i samanheng, slik at konsekvensar for kvalitet, kapasitet og arbeidsmiljø blir vurderte samla, og slik at innsparingar blir gjennomførte på ein måte som gir føreseielege rammer og tek omsyn til barn og unge sitt beste. Ei løysing med tredeling i basisfag og todeling i andre fag kan vere eit mogleg bidrag, men vil berre dekke ein del av innsparingsbehovet og må vurderast som del av ei samla tiltaksportefølje.

Alternativ 3: Gradvis innfasing - ruste SUBUS først

Dette alternativet inneber at Mo oppvekstsenter blir vidareført i ein overgangsperiode, samstundes som kommunen førebur SUBUS på eit eventuelt auka elevtal. SUBUS har på papiret kapasitet til fleire elevar, men den faktiske kapasiteten i undervisninga blir i stor grad bestemt av kor mange parallelle elevgrupper skulen må organisere i praksis. Dette kan mellom anna bli påverka av behov for deling i fleire grupper på enkelte trinn, til dømes knytt til elevane sin målform i norskfaget, og av lovpålagd minstenorm for lærartettleik i ordinær undervisning. Slik kan det oppstå avvik mellom teoretisk arealkapasitet og reell driftskapasitet.

Det er ikkje ei talfesta øvre grense for klassestorleik, men elevgrupper skal ikkje vere større enn det som er trygt og pedagogisk forsvarleg, og kommunen kan velje å leggje strammare kvalitetsomsyn til grunn i organiseringa. Ei løysing som i større grad tek utgangspunkt i lågare gruppestorleik og tilstrekkeleg lærartettleik vil kunne vere betre for elevane si faglege og sosiale utvikling, men vil samstundes redusere moglegheita for å ta ut raske innsparingar.

Ved deling av trinn kan det oppstå eit mellombels handlingsrom i organiseringa, men når elevtalet aukar ytterlegare, vil behovet for fleire undervisningsgrupper og tilhøyrande bemanning ofte auke. Dette inneber at eventuelle innsparingseffektar er avgrensa og tidsavhengige, og kan bli reduserte dersom kommunen ønskjer å organisere opplæringa i tråd med prinsipp om forsvarleg gruppestorleik, stabilt læringsmiljø og tilstrekkeleg lærartettleik.

Moglege konsekvensar

Ein gradvis modell reduserer risiko i overgangsfasen og gir betre tid til relasjonsbygging, planlagde overgangstiltak og samarbeid med føresette. Modellen gir òg høve til å avklare korleis undervisningsgrupper skal organiserast på dei aktuelle trinna, slik at språklege, faglege og sosiale omsyn kan takast vare på før endringar blir gjennomførte. Tilsette får større forutsigbarheit og enda større medverknad i omstillingsprosessen.

Økonomisk vil innsparing kome seinare enn ved full samanslåing, men med noko større sannsyn for at ein gevinst faktisk kan realiserast. Modellen gjer det mogleg å justere organisering og støttefunksjonar undervegs, og å setje inn naudsynte tiltak før ein tek irreversible grep.

Vurdering

Alternativet er i samsvar med prinsippa om forsvarleg saksutgreiing, barnets beste og berekraftig omstilling i ein ROBEK-kommune. Det gir politisk styring over tempo og omfang, og gjer det mogleg å handtere avviket mellom teoretisk kapasitet og faktisk kapasitet ved å planleggje for nødvendig gruppedeling og lærartettleik. Samstundes varetar alternativet normalt ikkje behovet for stipulert innsparing i 2026, og føreset tydelege kriterium for når

SUBUS er tilstrekkeleg rusta til å ta imot fleire elevar på ein måte som varetek elevane si faglege og sosiale utvikling.

Drøfting av samfunnsøkonomiske utfordringar

Dei økonomiske vurderingane i denne saka må sjåast i eit breiare samfunnsøkonomisk perspektiv, slik det òg vart lagt til grunn i saksutgreiinga frå sak 50/25 i mai året før. Der vart det understreka at vurderingar av skulestruktur ikkje kan avgrensast til direkte driftskostnader innanfor oppvekstsektoren åleine, men må sjåast i samanheng med kommunen sine samla utgifter, risikoar og ansvar over tid.

Endringar i skulestruktur kan på kort sikt gi reduserte kommunale driftsutgifter, særleg knytte til bemanning og bygningsdrift. Samstundes kan slike tiltak medføre indirekte kostnader og langsiktige konsekvensar som ikkje kjem direkte til syne i skulebudsjettet. Desse konsekvensane kan over tid påverke både kommunen sin økonomi, kvaliteten i tenestene og evna til å oppfylle lovpålagde oppgåver innan andre sektorar.

Som det går fram av den økonomiske gjennomgangen i denne saksutgreiinga, er den reelle netto innsparinga ved full nedlegging av Mo oppvekstsenter estimert til om lag 3,9 millionar kroner årleg, gitt ei rekkje føresetnader. Innsparinga er såleis avgrensa, og vesentleg lågare enn dei ofte omtalte tala på om lag 4 millionar kroner. Dette inneber at sjølv mindre auke i kostnader knytte til skyss, individuell tilrettelegging, psykososial oppfølging eller vikarbehov raskt kan redusere eller nøytralisere den økonomiske gevinsten.

I den tidlegare saksutgreiinga vart det peikt på at stabile oppvekstmiljø, føreseielege overgangar og god tilgang til støttefunksjonar er sentrale føresetnader for å redusere risiko for skulefråvær, utanforskap og seinare behov for kompenserande tiltak. Dersom strukturendringar blir gjennomførte utan tilstrekkeleg førebuing og parallell styrking av laget rundt barnet, kan risikoen auke for at enkelte barn og unge utviklar vedvarande utfordringar knytte til læring, trivsel og psykisk helse. Slike utfordringar vil ofte krevje ressurskrevjande innsats frå tenester som barnevern, psykisk helseteneste og NAV på eit seinare tidspunkt.

Vidare kan reduksjon eller bortfall av lokale oppvekstilbod påverke kommunen si attraktivitet som bustadkommune for barnefamiljar. Over tid kan dette få konsekvensar for busetjing, rekruttering av arbeidskraft og alderssamansetjing i befolkninga. For ein kommune som allereie står overfor demografiske utfordringar og aukande behov innan helse- og omsorgssektoren, er dette forhold som må inngå i ei samla samfunnsøkonomisk vurdering.

Forsking og erfaring frå andre kommunar, slik det også er vist til i tidlegare saksutgreiingar, peikar på at tidleg innsats, stabile relasjonar og robuste oppvekstmiljø har høge samfunnsøkonomisk avkastning. Tiltak som på kort sikt gir avgrensa innsparing, men som samstundes aukar risikoen for utanforskap, skulefråvær eller svekka læringsmiljø, kan difor

vise seg å vere samfunnsøkonomisk ulønsame når ein vurderer dei samla kostnadene over tid.

I ein ROBEK-situasjon er det særleg viktig å vurdere om innsparingstiltak faktisk reduserer den samla belastninga på kommunen, eller om kostnader i realiteten berre blir flytta frå eitt budsjettområde til eit anna. Ei forsvarleg samfunnsøkonomisk vurdering krev difor at skulestruktur, barnets beste og kommunen si langsiktige bereevne blir vurderte i samanheng, og ikkje avgrensa til isolerte innsparingstal innanfor éin sektor.

Samanlikning av tre alternativ for Mo oppvekstsenter og SUBUS

Dette vedlegget gir ei kort, samanliknbar framstilling av tre alternative løysingar: full samanslåing frå 1. august 2026, ingen endring, eller gradvis innfasing der SUBUS først blir rusta opp. Tabellen er meint som støtte for politisk vurdering og må lesast i samanheng med saksutgreiinga. Indikatorane er valde fordi er sentrale premiss for forsvarlegheit, gjennomføring og økonomisk berekraft.

Indikator	Alternativ 1 Full samanslåing 1. august 2026	Alternativ 2 Ingen endring	Alternativ 3 Gradvis innfasing - ruste SUBUS først
Økonomisk effekt kort sikt (2026)	Fordelar: Mogleg å starte uttak av innsparing raskt. Ulemper: Reell effekt i 2026 blir normalt avgrensa av omstillingsreglar, oppseiingstid og behov for overgangstiltak. Risiko for at nettoeffekt blir lågare enn stipulert dersom SFO, ITO, vikar og arealtiltak aukar. Føresetnader: Tidleg avklaring av bemanning, vikarordningar og arealløysingar ved SUBUS.	Fordelar: Stabil drift ved Mo i 2026. Ulemper: Ingen innsparing frå Mo isolert sett. Innsparingskravet må løysast gjennom andre tiltak i oppvekstsektoren i tråd med vedtekne nedtrekk. Føresetnader: Konkret og gjennomførleg tiltaksplan som fordeler innsparing på fleire einingar.	Fordelar: Reduserer risiko i overgangsfasen og gir tid til nødvendige tiltak ved SUBUS. Ulemper: Innsparing kjem seinare enn ved full samanslåing og vil kunne vere avgrensa i 2026. Føresetnader: Klare milepæl for når SUBUS er rusta opp og kva som utløyser neste steg.
Økonomisk effekt lang sikt (frå 2027)	Fordelar: Kan gi netto innsparing dersom fleire kostnader fell bort og mottaket kan løysast innanfor rammene. Ulemper: Små endringar i kostnadsbiletet (SFO, ITO, vikar, areal) kan redusere netto innsparing. Føresetnader: At mottaksskulen kan ta imot elever frå Mo utan nye varige kostnader utover det som er lagt til grunn.	Fordelar: Kan vere økonomisk berekraftig dersom kommunen finn varige alternative innsparingstiltak. Ulemper: Risiko for at mange små tiltak i fleire einingar samla gir større konsekvensar for kvalitet og arbeidsmiljø. Føresetnader: Samla prioritering på tvers av einingar og god internkontroll på gjennomføring.	Fordelar: Større sannsyn for at ein eventuell gevinst faktisk kan realiserast når areal, organisering og støttefunksjonar er på plass. Ulemper: Heilårseffekt kjem seinare, og krev politisk vilje til å halde kurs over tid. Føresetnader: Tydleg styringsmodell, rapportering og justering undervegs.

Fagleg kvalitet tilpassa opplæring og ITO	Fordelar: Større fagmiljø og fleire ressursar samla på ein skule. Ulemper: Press på grupperom og støttefunksjonar kan utfordre differensiering og ITO dersom kapasitet ikkje blir styrkt. Føresetnader: Eigna areal og plan for ITO-ressurs (vedtak og årsverk) ved SUBUS før overføring.	Fordelar: Kontinuitet i kjent miljø og dagens organisering ved Mo. Ulemper: Små einingar kan vere meir sårbare ved fråvær og endringar i elevbehov. Føresetnader: Stabil bemanning og tilgang på støttefunksjonar i laget rundt barnet.	Fordelar: Gjer det mogleg å byggje opp pedagogiske løysingar, ITO-areal og arbeidsmåtar før overføring. Ulemper: Krev tid og kapasitet til utviklingsarbeid parallelt med drift. Føresetnader: Plan for kompetanse, grupperom og organisering før kvart steg.
Læringsmiljø sosial tilpassing og trivsel	Fordelar: Mange elevar kan gjennomføre skulebyte utan varig negativ effekt på faglege resultat i snitt. Ulemper: Rask endring gir mindre tid til relasjonsbygging og tryggleik i overgangsfasen, særleg for sårbare elevar. Føresetnader: Overgangsplan med tiltak for tilhøyrse, relasjonar og tett oppfølging i startfasen.	Fordelar: Stabilitet for elevar og føresette lokalt. Ulemper: Innsparingstiltak andre stader kan påverke læringsmiljø i fleire einingar. Føresetnader: Tiltak må vurderast samla for å verne om læringsmiljøet.	Fordelar: Større rom for gradvis tilvenning, relasjonsarbeid og forsterka overgangstiltak. Ulemper: Kan gi lengre periode med uvisse dersom tidslinje og kriterium er uklare. Føresetnader: Tidsavgrensa overgang og tydelege kriterium for når eller om overføring skjer.
Tilsette og arbeidsmiljø	Fordelar: Kan gi meir samla drift og tydeleg struktur. Ulemper: Omstilling, omplassering og eventuelle oppseiingar. Rekruttering av kvalifiserte vikarar kan vere krevjande på kort varsel. Mo barnehage mistar dagens fleksibilitet i samdrift. Føresetnader: Tidleg medverknad, ryddige prosessar og realistisk plan for vikar og bemanning.	Fordelar: Gir føreseielege rammer ved Mo. Ulemper: Kutt og omstilling kan bli spreidd til fleire einingar, med samla belastning på arbeidsmiljø og leiingskapasitet. Føresetnader: Samordna tiltakspakke og dialog med tillitsvalde på tvers av einingar.	Fordelar: Gir meir tid til medverknad og planlagd omstilling. Ulemper: Krev kapasitet til endringsleiing over tid og tett koordinering. Føresetnader: Eiga styring av omstilling og tydeleg ansvarslinje.
Lokalsamfunn oppvekstmiljø på Mo	Fordelar: Klart strukturelt val med mogleg økonomisk gevinst. Ulemper: Skulen som del av oppvekstmiljøet fell bort. Barnehagen blir ei meir sårbar eining og må organiserast innanfor eigne normkrav og rekrutteringsvilkår. Føresetnader: Plan for barnehagedrift, rekruttering og ressursbruk etter endring.	Fordelar: Bevarer oppvekstmiljø og møteplass. Ulemper: Økonomisk omstilling må løysast på andre måtar, som kan treffe breiare. Føresetnader: Alternative tiltak som ikkje undergrev kvalitet og stabilitet lokalt.	Fordelar: Bevarer oppvekstmiljø i ein overgangsperiode og gir tid til tilpassing. Ulemper: Uvisse kan påverke oppleving av tryggleik i lokalmiljøet. Føresetnader: Tydeleg kommunikasjon og tidfesta gjennomføringsplan.
Gjennomføringsrisiko	Fordelar: Raskare realisering av strukturell endring. Ulemper: Mange parallelle avklaringar på kort tid, mellom anna areal, SFO, ITO, støttefunksjonar, vikar, skyss og eventuell bruk av gulbygget. Sistnemnde kan ikkje leggjast til	Fordelar: Låg risiko knytt til struktur, men høg risiko knytt til å finne tilstrekkeleg innsparing i tide. Ulemper: Tiltak kan bli fragmenterte og krevje fleire samtidige endringar i oppvekstsektoren.	Fordelar: Reduserer risiko ved stegvis gjennomføring. Ulemper: Krev tett styring og oppfølging over fleire år. Føresetnader: Milepæler, kriterium og regelmessig rapportering til politisk nivå. Eventuell bruk av gulbygget

	grunn utan avklart alternativ lokalisering for vaksenopplæringa, dokumenterte utbetringar og tilstrekkeleg kostnadsoverslag. Føresetnader: Kapasitet i prosjektleiing og internkontroll, samt avklarte arealløysingar før skulestart.	Føresetnader: Prioritering av få, tydelege tiltak framfor mange små.	må vurderast i eiga sak når forhold knytte til arbeidsmiljø, kostnader og lokalisering av vaksenopplæringa er avklarte.
--	---	--	---

Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

Som del av utgreiingsarbeidet er det gjennomført ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS). Formålet med analysen er å identifisere forhold som kan medføre uønska konsekvensar ved ei eventuell organisatorisk endring, og å vurdere både sannsyn og konsekvens av desse. Vurderingane er gjort etter ein standardisert skala der sannsyn og konsekvens vert vurdert frå 1 til 5 og sett saman i ei risikomatrise for å synleggjere kva forhold som bør følgjast særleg opp.

Analysen omfattar fleire temaområde, mellom anna elevtransport, organisatoriske og økonomiske forhold, psykososiale forhold for tilsette, saksbehandlingstid, samfunnsmessige forhold og skulemiljø. Desse områda speglar breidda i problemstillingar som kan oppstå ved strukturelle endringar i oppvekstsektoren.

Det er viktig å vere merksam på at ein ROS-analyse tek utgangspunkt i moglege risikoforhold. Analysen vil derfor naturleg synleggjere potensielle utfordringar meir enn positive effektar. I slike analysar er det også vanleg at fleire forhold kjem ut med høg risiko, fordi ein vurderer konsekvensar i eit føre-var-perspektiv. Dette betyr ikkje nødvendigvis at hendingane er sannsynlege, men at dei bør vere gjenstand for planlegging og førebyggjande tiltak.

Fleire av forholda som er løfta fram i analysen gjeld særleg overgangsfasar, behov for god planlegging og kapasitet i eksisterande system. Samstundes viser analysen at mange av dei identifiserte risikopunkta kan reduserast gjennom konkrete tiltak, til dømes organisatoriske tilpassingar, god informasjon til tilsette og elevar, tilrettelegging for trygge transportløysingar og eventuelle justeringar i bygningsmessige eller bemanningsmessige forhold.

Ei gjennomgåande vurdering i analysen er at fleire av risikofaktorane i stor grad er knytte til korleis ei eventuell endring vert planlagt og gjennomført, mellom anna tidsrammer for innfasing, overgangsordningar for elevar og tilsette og praktiske tilpassingar i skulebygg og organisering. Risikoen vil derfor i mange tilfelle kunne reduserast gjennom god planlegging, tilstrekkeleg tid til omstilling og tydelege prosessar i tråd med gjeldande regelverk.

Samtidig er det viktig å understreke at større skulemiljø også kan ha fordelar, til dømes større fagmiljø, meir robuste personalressursar og betre moglegheiter for å organisere tilpassa

opplæring og støttefunksjonar. Ei eventuell endring vil derfor også kunne gi nye utviklingsmoglegheiter dersom ho vert planlagt og gjennomført på ein god måte.

Den samla ROS-analysen, med detaljert risikovurdering og føreslegne tiltak, ligg vedlagt saka.

Oppsummerande vurdering av dei tre alternativa

Full samanslåing kan gi ein tydeleg struktur og mogleg økonomisk effekt, men bør ikkje setjast i verk som eit tiltak med det same dersom kapasitet, areal, bemanning og støttefunksjonar ved SUBUS ikkje er tilstrekkeleg avklarte og dimensjonerte, mellom anna med omsyn til lærarnorma. Full samanslåing kan gi ein tydeleg struktur og mogleg økonomisk effekt, men bør ikkje setjast i verk som eit tiltak med det same dersom kapasitet, areal, bemanning og støttefunksjonar ved SUBUS ikkje er tilstrekkeleg avklarte og dimensjonerte. Dette gjeld også eventuell bruk av gulbygget, som per no ikkje kan reknast som avklart undervisningsareal. Risikoen ligg særleg i overgangsfasen, der kvalitet i opplæringa og eit trygt og godt læringsmiljø må sikrast for alle elevar, og der omstilling for tilsette må gjennomførast i tråd med arbeidsrettslege krav.

Ein gradvis modell der SUBUS først blir rusta opp før eventuell overføring av elevar, står fram som det mest robuste alternativet når det gjeld forsvarleg gjennomføring og langsiktig berekraft. Modellen gir kommunen høve til å planleggje og fase inn endringar med naudsynt areal, organisering, bemanning og støttefunksjonar på plass, og vil òg kunne redusere fleire av risikoforholda som er peika på i ROS-analysen. Samstundes vil modellen normalt gi avgrensa innsparing på kort sikt samanlikna med ei full samanslåing.

Ein gradvis modell der SUBUS først blir rusta opp før eventuell overføring av elevar, står fram som det mest robuste alternativet når det gjeld forsvarleg gjennomføring og langsiktig berekraft. Modellen gir kommunen høve til å planleggje og fase inn endringar med naudsynt areal, organisering og støttefunksjonar på plass, men vil normalt gi avgrensa innsparing på kort sikt samanlikna med ei full samanslåing.

Kjeldeliste

Kommunekommisjonen. (2026). NOU 2026: 1. Oslo: Departementenes sikkerheits- og serviceorganisasjon.

Lovdata. (u.å.). Arbeidsmiljølova (LOV-2005-06-17-62). Henta 9. februar 2026 frå <https://lovdata.no/lov/2005-06-17-62>

Lovdata. (u.å.). Forvaltningslova (LOV-1967-02-10). Henta 9. februar 2026 frå <https://lovdata.no/lov/1967-02-10>

Lovdata. (u.å.). Kommunelova (LOV-2018-06-22-83). Henta 9. februar 2026 frå <https://lovdata.no/lov/2018-06-22-83>

Lovdata. (u.å.). Menneskerettslova (LOV-1999-05-21-30). Henta 9. februar 2026 frå <https://lovdata.no/lov/1999-05-21-30>

Lovdata. (u.å.). Opplæringslova (LOV-2023-06-09-30). Henta 9. februar 2026 frå <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30>

Folkestad, S. (2016, 26. mai). Skolenedleggelser ingen faglig ulempe. NHH Bulletin. Henta 9. februar 2026 frå <https://www.nhh.no/nhh-bulletin/artikkelarkiv/eldre-saker/2016/mai/skolenedleggelser-ingen-ulempe/>

Nygård, M., & Bjordal, I. (2024, 22. april). Skolevegring og «flukt» fra den offentlige skolen. Utdanningsforskning.no. Henta 9. februar 2026 frå <https://utdanningsforskning.no/artikler/2024/skolevegring-og-flukt-fra-den-offentlige-skolen/>

Regjeringen.no. (u.å.). Hovedtariffavtalene for LO Stat og YS Stat. Henta 9. februar 2026 frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/hovedtariffavtalene-for-lo-stat-og-ys-stat/id3078098/>

Surnadal kommune. (u.å.). Kommuneplanen sin samfunnsdel. Henta 9. februar 2026 frå <https://pub.framsikt.net/plan/surnadal/plan-38f321e7-ce67-4326-ae19-7db7d829f8ce-51214/#/>

Surnadal kommune. (2020). [Oppvekstplan Surnadal kommune 2020](#).

Surnadal kommune. (2025). Kommunestyresak 50/25: Skulestruktur og vurdering av skulekrinsgrenser. (Saksutgreiing og vedtak).

Surnadal skulestyre. (1995, 18. september). Vurdering av skulekrinsgrensene. Sak 83/95. Fil: 296787_1_1.pdf

Surnadal kommune. (2021). Fastsetting av forskrift: Skulekrinsgrenser for Todalen og Stangvik skule frå 01.08.2021. Fil: 324349_8_1.pdf

Surnadal kommune. (2012). Samanslåing av Bøfjorden skule og Bæverfjord skule. Fil: 3_forskrift-ved-samanslaing-av-bofjorden-og-baeverfjord-skule.pdf

Universitetet i Stavanger, Kunnskapssenter for utdanning. (2024, 26. mars). Fra barne- til ungdomsskole – tiltak for og etter overgangen. (Kunnskapsoppsummering). Henta 9. februar 2026 frå <https://www.uis.no/nb/kunnskapssenter-for-utdanning/ressurser/fra-barne-til-ungdomsskole-tiltak-for-og-etter-overgangen>

Utdanningsdirektoratet. (2025, 13. juni). Overganger for barn og elever med behov for tilrettelegging. (Veiledning). Henta 9. februar 2026 frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/overganger-barn-elever-tilrettelegging/>